

# Å skrive ein tekst

*Eit kreativt prosjekt som del av konserten med Good Time Charlie. Frå Amerika sin musikalske smeltedigel New Orleans til Vestlandet - dette handlar om inspirasjon!*

Musikkscena i Noreg er full av talentfulle tekstforfattarar. Dei siste åra har det skjedd ei gledeleg utvikling i høve det å skrive på sitt eige språk og dialekt, og fleire og fleire har oppdaga verdien av dette. Cezinando, Gabrielle, Daniel Kvammen, Izabell, Lars Vaular, Sondre Justad og Kjartan Lauritzen er alle artistar som skriv gode tekstar på norsk.

Likevel er det å skrive tekstar noko som kan vere litt uvant for mange. Vi meiner fleire burde prøve, for det er veldig mange musikalske historier vi ikkje har høyrte endå. Vi vil her kome med nokre tips for å komme i gong med å skrive tekstar.

## Idémyldring

Skriv 2 til 8 ord (men gjerne fleire) om:

- Kva tankar du har om framtida di eller om ein draum som du vil følgje
- Kva du tykkjer er gøy i kvardagen din, og kva som gjer deg glad
- Kvifor du blir trist
- Kjærleik
- Musikk du likar og kva denne gjer med deg
- Kva du tykkjer er skikkeleg kjipt i dagens samfunn
- Noko heilt anna

Dette er berre forslag, du treng ikkje bruke det vi har foreslått, her gjeld det å sleppe fantasien laus. Du kan og kombinere eit eller fleire tema. Prøv deg fram, skriv om tema du tykkjer er viktig og som betyr noko for deg. Tenk óg på å arbeide med rytme og flyt i teksten.

Gode musikalske tekstar har både god «intern» rytme og godt innhald (som kan vere om kva som helst). Rytme i teksten kan vere så mykje, men finn gjerne ord som kan setjast saman med bokstavrim («synd og skam», «stilig stil», «vill og vakker», «fem fine frøkner»), og sjølvsagt andre former for rim, men føl deg fri og ver ikkje for streng med deg sjølv, innhaldet er viktigast!

Eit anna triks kan vere å finne synonym til ord du har plukka ut. Eit synonym er ord som tyder det same som eit anna ord. I nokre tilfelle kan det og vere spennande å finne antonym, det vil seie ord som tyder det motsette. Eller du kan bruke uvande vriar på kjende uttrykk, t.d «jeg hadde hjertet ut av ledd» (Cezinando - Stillhet som skriker til meg). Sjekk ut fleire artistar som t.d Gabrielle og Dum Dum Boys og ellers andre som skriv på norsk. Alle desse brukar slike verkemiddel.

**«Dette her er hva jeg vet, de har kniv i bagen for å få oppmerksomhet» (Hkeem)**

I boka «Songwriters on songwriting» av Paul Zollo vert Bob Dylan spurt om han syns det er gøy med rim. Dylan svarar (litt fritt omsett):

**«Vel, det kan det vere, men du veit - det er eit spel. Du veit... du sit berre der, det er meir som noko mentalt...som gir deg eit kick. Det gir deg liksom eit kick å finne eit rim som, vel, som aldri før har blitt brukt. Men så er det jo slik at rim no for tida, det treng ikkje vere noko eksakt. Ingen bryr seg med kva ord du rimar. Ingen bryr seg.»  
(Bob Dylan)**

**Men ein ting er viktig: Ikkje ver for personleg eller utleverande i teksten. Dersom ein skriv**

*om bestemte situasjonar eller personar, må ein ikkje såre eller skade nokon.*

## Form

Dei fleste låttekstar består av ulike vers og gjerne eit refreng som er likt kvar gong. Enkelte har også ein B-del, eit stikk, og andre igjen kan ha pre-refreng (ein overgang til sjølvrefreng). Det fins ulik måte å gjere dette på men dei aller fleste har uansett eit par vers og eit refreng.

*«Vi har sje penger, men vi eier allting» (Gabrielle)*

Eller, i alle fall var det slik før. Når det gjeld rap og ulike typar «urban» musikk er det meir flytande. Tøffe ord, uvande vendingar, tekstlege verkemiddel og ein tekst som flyt avgarde er viktigare enn form. Difor vil vi gjerne at du skal tenke at det meste kan brukast, det gjeld berre å finne si eiga «stemme». Kva vil du seie noko om? Det treng ikkje vere mange ord, eit vers og eit refreng kan vere nok.

*«Dei seier ah, fenomenet, fenomenet, seie ka e de me deg, du e fenomenal!» (Kjartan Lauritzen)*

## Å kome i gong...

... kan vere vanskeleg. Vi har prøvd å kome med nokre forslag og innfallsvinklar for at du skal kome lettare i gong. Og det gjeld ikkje minst også å finne sin eigen metode. Kanskje blir det for vanskeleg å tenkje at dette skal ende opp som ein melodi. Då må du tenkje at det treng det ikkje, tekst har verdi i seg sjølv. Slepp deg laus og kast deg uti det, tenk fritt og skriv!

*«Du kan bytte alt du tviler på med det du veit» (Cezinando)*

## Kva skjer vidare?

Tekstane, eller utdrag av tekstar, vil Good Time Charlie gjerne ha tilsendt før vi kjem til skulen. Skisser kan også gjerne sendast inn. Det viktigaste er at du prøver å skrive noko, vi er sikre på at det meste kan brukast!

Good Time Charlie kjem til å bruke nokre av tekstane på konserten, til dømes som eit vers eller refreng i ein eksisterande låt. Eller enno betre, kanskje du og ein annan vil framføre ein tekst på konserten?

Eit mål med dette prosjektet er å skape ei kjensle av korleis tekst og musikk kan gå «hand i hand» og korleis musikk kan få ein tekst til å fungere endå betre.

Kanskje er ikkje *Rhythm & Blues*, musikkforma som GTC spelar, akkurat det du hadde tenkt som «ditt» musikalske uttrykk. Men sjå heller på det som eit høve til å teste ut ord med musikk, og bli inspirert av det! Prøving, feiling og leiting etter ditt eige uttrykk er noko du gjerne kan gjere åleine, helst utan hjelp frå lærarar eller andre vaksne!

*Lukke til!*

*Helsing oss i Good Time Charlie*

Send tekstar på e-post til: [gtcbluesband@gmail.com](mailto:gtcbluesband@gmail.com)

*Hugs å merke teksten med navn, slik at vi veit kven som har skrive det vi brukar. Vil du helst vere anonym tek vi sjølvsagt omsyn til det!*

Sjå også informasjon om skulekonsertprogrammet her: <http://skulesekken.no/produksjon/1068598>